

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: Styret for Helse Vest RHF 07.03.2007, 08:30 - 15:00
Møtestad: SAS Bryggen Hotell , Bergen

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret:

| | |
|-------------------|----------------|
| Oddvar Nilsen | Inger Hamborg |
| Leiar | Medlem |
| Kari Oftedal Lima | Magnar Lussand |
| Nestleiar | Medlem |
| Svein Andersen | Aslaug Husa |
| Medlem | Medlem |
| Helge Espelid | Ellen Solheim |
| Medlem | Medlem |
| Gisle Handeland | Gunvor Sunde |
| Medlem | Medlem |
| Reidun Korsvoll | |
| Medlem | |

Deltakarar frå administrasjonen:

Administrerande direktør Herlof Nilssen

Viseadministrerande direktør Helge E. Bryne

Fagdirektør Odd Søreide

Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen

Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen

Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal

Seniorrådgivar Torunn Nilsen (ref)

Saker:

| | |
|---------|---|
| B 07/22 | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| B 07/23 | Godkjenning av protokoll frå styremøte 14. februar 2007 |
| O 07/24 | Administrerande direktør si orientering |
| B 07/25 | Rapportering frå verksemda pr 31. januar 2007 |
| B 07/26 | Åleg melding for 2006 |
| B 07/27 | Lokalisering av regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering |
| B 07/28 | Etablering og lokalisering av regionalt kompetansesenter for tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelavhengige og skadeleg bruk av rusmidlar |
| 07/29 | Eventuelt |

Presentasjon av Helse Bergen HF ved styreleiar Ranveig Frøiland

Styreleiar i Helse Bergen HF, Ranveig Frøiland presenterte status og utfordringar i Helse Bergen HF.

Budsjett 2007:

Helse Bergen sett i verk tiltak for om lag 230 millionar kroner for å levere eit resultat i samsvar med budsjett i 2007. Tiltaka inneber:

- Reduksjon i talet på årsverk
- Styring av aktivitet for å halde aktiviteten nede
- Omlegging av drift
- Strengare styring med medikamentbruk
- Avgrense innkjøp og vedlikehald

Helse Bergen sine fokusområde i 2007:

- Strategi og arealutvikling
- Den faglege innretning
- IKT-infrastruktur
- HMS
- Økonomioppfølging

Presentasjon av Program for Pasientflyt i Helse Bergen HF ved administrerande direktør Stener Kvinnslund

Administrerande direktør i Helse Bergen HF presenterte arbeidet med pasientflyt som er kome langt i Helse Bergen HF.

Hovudmål med "Program for pasientflyt er:

Å auke kapasiteten til å handtere ein stadig aukande strøm av akuttinnleggningar og skjerme elektive funksjonar gjennom organisatoriske tiltak.

5 innleggingsdiagnosar i Helse Bergen HF står for 50% av innleggingane. Halvparten av liggedøgna i på HUS er nytta til 10% av pasientane.

Programmet vil ha effekt på:

- Talet på korridorpasientar
- Ventetid
- Færre unødvendige innleggningar
- Tydelegare skilje mellom høgspesialiserte funksjonar og meir generelle funksjonar

Stener Kvinnsland fokuserte på at framtidas medisin i større grad må vere knytt opp mot prosess.

Tillitsvalde er inne i alle undergrupper i prosjektet.

B 07/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Kommentarar:

Følgjande dokument var delt ut i møte:

- Sak 023/07 B Oppdatert protokoll frå styremøte 14. februar 2007.
- Sak 023/07 B Protokoll frå telefonstyremøte 27. februar 2007

Følgjande saker vart meldt til sak 029/07 - Eventuelt:

Oppsummering frå styresamling 15. februar (Reidun Korsvoll)

Oppsummering frå møte i kontrollkomiteen 14. februar (Svein Andersen)

Oppfølging av sak 01907 – Eventuelt – Nevrokirurgi (Svein Andersen)

I St. prop. 44 er det sett av 100 millionar kroner til lokalsjukehus og rus – Korleis blir dette følgt opp i helseføretaka? (Reidun Korsvoll)

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

B 07/23 Godkjenning av protokoll frå styremøte 14. februar 2007 og telefonstyremøte 27. februar 2007.

Kommentarar:

Styremedlemmene valt av og blant dei tilsette (Aslaug Husa, Inger Hamborg, Helge Espelid) viste til protokolltilførsel i sak 007/07 B Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 13. februar 2007, og presiserte at dei tilsettvalde styremedlemmene ønskjer å uttrykke at dei ser det som uheldig at styrehonorar vert auka utover det som er den gjennomsnittlege lønsutviklinga i perioden 2004-2007.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 14. februar 2007.

Styret godkjende og underteikna protokollen frå telefonstyremøte 27. februar 2007

B 07/24 Administrerande direktør si orientering

1. Resultatevaluering av sjukehusreformen - Forskningsrådet

Administrasjonen oppsummerte hovudkonklusjonane i Forskningsrådet sin rapport – "Resultatevaluering av sykehusreformen" Styret ønskte ein gjennomgang av dei 3 evaluéringsrapportane som skal danne grunnlaget for Stortinget si evaluering av sjukehusreformen, på neste styresamling med RHF-styret og HF-styra.

2. Orientering om relevante lover og myndighetskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat

3. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Administrasjonen orienterte om at Helsetilsynet og har oppretta tilsyn med Bergen kommune knytt til Bergen kommune sitt ansvar for pasientar i Helse Bergen HF som venter på eit bu- og omsorgstilbod i Bergen kommune. Det er god dialog mellom Helse Bergen HF og Bergen kommune i denne saka

4. Oversikt over høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering

B 07/25 Rapportering frå verksemda pr 31. januar 2007

Kommentarar:

Rapporteringa er utarbeidd med basis i informasjon pr 31 januar 2007.

Kvalitet:

Mengda epikrisar som er sende innan 7 dagar har auka med 3 % samanlikna med desember 2006. Alle dei fire helseføretaka har sidan førre månad hatt ei auke i talet på epikrisar sende innan 7 dagar. Helse Førde har den høgaste mengda med nær 79 %.

Både ventetida for dei med rett til nødvendig helsehjelp og ventetida for dei utan rett går ned med 1 dag frå desember 2006 til januar 2007.

Aktivitet:

Dei publiserte tala for DRG-poeng og DRG-indeks er framleis usikre når det gjeld januar 2007. Grunnen er at helseføretaka framleis ikkje har motteke den grupperaren som gjeld for 2007. Dei har difor nytta grupperaren for 2006 og dei vektene og reglane som gjaldt då. Tala for januar vil difor mest sannsynleg bli korrigerte når den nye grupperaren er tilgjengeleg.

Økonomi:

For å understøtte arbeidet med å nå resultatkravet i 2007 vil ein i år ha fokus på eit meir detaljert nivå i HFa enn tidligare. Dette inneber at budsjett, rekneskap og årsprognose kvar månad skal utarbeidast på nivå under klinikk.

Resultatavviket pr januar er negativt med kr 8,2 mill. Det er Helse Stavanger som først og fremst står for det negative avviket.

| | Resultat | Budsjett | Resultatavvik |
|-------------------------------|-----------------|-----------------|----------------------|
| Apotekene Vest | 359 | -156 | 514 |
| Helse Bergen | -33,606 | -36,674 | 3,069 |
| Helse Fonna | 2,097 | -480 | 2,577 |
| Helse Førde | -1,873 | -1,779 | -94 |
| Helse Stavanger | -22,113 | -7,519 | -14,594 |
| Kjøp av helsetjenester | -2,111 | -2,001 | -110 |
| Helse Vest (Mor) | 1,298 | -262 | 1,560 |
| Helse Vest IKT | 509 | 1,657 | -1,148 |
| Sum | -55,440 | -47,214 | -8,226 |

Samtlege av føretaka rapporterer ei prognose i tråd med budsjett.

Medarbeidarar:

Inngangen til 2007 viser positiv utvikling for sjukefråvær registrert for januar månad så langt, med ein nedgang på 0,4% i forhold til desember. Alle helseføretaka viser ein reduksjon i sjukefråværet i forhold til tala for januar 2006. Tal einingar med sjukefråvær under 4,5% fortsetter å auke.

Utviklinga av netto månadsverk registrert så langt for januar 2007, visar ein nedgang på ca 300 i forhold til desember 2006, men ligg framleis over inngangen til 2006 som er måla for helseføretaka for 2007. Overtid og meirarbeid er framleis ei stor utfordring både organisatorisk og økonomisk.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tar verksemndsrapport pr. 31. januar 2007 til orientering
2. Styret ber Helse Stavanger HF om å setja inn tiltak umiddelbart, for å redusere avviket og sikre balanse.

B 07/26 Årleg melding for 2006

Kommentarar:

I § 34 i helseføretakslova og i § 15 i vedtekten for Helse Vest RHF blir det slått fast at Helse Vest skal utarbeide ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet som inneholder styret sitt plandokument for verksemda og styret sin rapport for året som var.

Utkast til årleg melding for 2006 er sendt Helse- og omsorgsdepartementet innan fristen 1. mars 2007. I oversendinga til departementet er det orientert om at meldinga blir behandla av styret i styremøte 7. mars 2007, og at endelig utgåve av årleg melding for 2006 vil bli ettersendt.

Styret hadde følgjande kommentarar/tilføyinger:

S 14 Punkt 3.6 andre kulepunkt:

Aslaug Husa tok opp at fagplanane i vidaregåande skule og må samsvare med kravet til kunnskap hjå dei medarbeidarane spesialisthelsetenesta vil trengje i eit mellomlangt/langsiktig perspektiv. Dette vart ikkje tatt inn i Årleg melding, men vil bli følgt opp vidare i møte med Fylkeskommunane.

S 14 Punkt 3.6

Aslaug Husa tok og opp om førebyggjande arbeid, spesielt førebygging av sjukefråvær, burde ha vore fokusert på i plandelen av Årleg melding. Det var semje om å komme tilbake til dette i arbeidet med langtidsplan (Helse 2020).

S 14 Punkt 3.6

Inger Hamborg la vekt på at samhandlinga med dei tilsette sine representantar har vore god i 2006, og at det bør leggjast inn eit avsnitt om at den gode samhandlinga med tilsette sine representantar og brukarrepresentantar sin medverknad bør utviklast vidare.

Styret var samde i at dette blir tatt inn eit nytt avsnitt i punkt 3.6. der verdien av den gode samhandlinga med dei tilsette sine representantar blir framheva, og kor det blir understreka at Helse Vest RHF vil arbeide for å vidareutvikle samhandlinga. Styret var og opptekne av at også det gode samarbeidet som er etablert med brukarane sine representantar, blir vidareutvikla.

S 14 Punkt 3.6

Aslaug Husa ønskte og å legge inn eit nytt kulepunkt om seniorpolitikk og arbeid som pågår for å halde på medarbeidarane. Styret var samde i dette.

S18 + S 60

Etter korrigering fra Inger Hamborg blir organisasjonane der NAVO-forliket er omtala i dokumentet korrigert til LO v/Fag forbundet og Norsk Sykepleier forbund.

Inger Hamborg merka seg at på nokon område der det er gjort mykje godt arbeid i fleire HF, er det i Årleg melding fokusert spesielt på einingar i eit av HFa. Dette skuldast at Årleg melding byggjer på rapportering frå helseføretaka og at det er ulikt kva HFa har valt å leggje vekt på i si rapportering.

Styret la vekt på at samordning og kvalitet på HFa si rapportering må følgjast opp vidare.

S19 Punkt 5.2

Gisle Handeland føreslo å leggje inn følgjande formulering:

Styret seier seg glad for ekstraløyvinga på 100 millionar kroner til Helse Vest – av til saman 800 millionar kroner, men konstaterer at ei fordeling etter vanlege kriterium ville gje ei løyving på om lag 140 millionar kroner til Helse Vest.

Styret slutta seg til dette og formuleringa blir lagt inn i punkt 5.2 i nest siste avsnitt

Årleg melding blir oversendt til Helse- og omsorgsdepartementet med oversendingsbrev som peiker på endringane/tilføyningane.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende forslaget til årleg melding for 2006 med dei endringar som kom fram i møte, og oversender meldinga til Helse- og omsorgsdepartementet.

B 07/27 Lokalisering av regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering

Kommentarar:

I samband med handsaminga av regional plan for habilitering og rehabilitering vedtok styret i Helse Vest RHF i desember 2006 (sak 124/06) at det skulle etablerast eit regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering, inkludert regional koordinerande eining. Ved søknadsfristen utløp 09.02.07, hadde Helse Vest RHF motteke søknad frå Helse Bergen HF og frå Helse Stavanger HF.

Vurderinga og konklusjonen byggjer på søknadene og fagfellevurderingane.

Søknaden både frå Helse Bergen og Helse Stavanger oppfyller kriteria for regionale kompetansesenter i Helse Vest (jf. styresak 78/03).

Begge søkjearane viser at dei har eit klart potensial til å ivareta oppgåvene til det regionale kompetansesenteret for habilitering og rehabilitering, jf. mandatet, på ein god måte, men med ulik vekting.

Helse Bergens søknad blir vurdert til å komme best ut totalt sett.

På denne bakgrunnen er konklusjonen at det regionale kompetansesenteret for habilitering og rehabilitering bør tildelast Helse Bergen. Tildelinga skjer under føresetnad om at det, i tillegg til skissa til oppbygging som går fram av søknaden, blir lagt vekt på å utvikle meir konkrete planar for korleis funksjonane til den regionale koordinerande eining skal integrerast i senteret, og korleis ein vil ivareta brukarmedverknad.

Det nye kompetansesenteret vil få eit særskilt ansvar for å inkludere dei private rehabiliteringsinstitusjonane i nettverket som skal etablerast.

Kompetansesenteret skal i si forskningsstrategiske satsing samarbeide med Samarbeidsorganet mellom Helse Vest RHF, HFa og Universiteta i Bergen og Stavanger, og Samarbeidsorganet mellom Helse Vest RHF og høgskulane i regionen.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Vest RHF vedtek å etablere det regionale kompetansesenteret for habilitering og rehabilitering i Helse Bergen HF.
2. Helse Bergen HF må konkretisere planane for integrering av regional koordinerande eining og brukarmedverknad.
3. Styret i Helse Vest RHF føreset at styret i Helse Bergen HF forpliktar seg til å satse på og prioritere det regionale kompetansesenteret.
4. Kompetansesenteret skal evaluerast i 2010-2011 saman med dei andre regionale kompetansesentra.

B 07/28 Etablering og lokalisering av regionalt kompetansesenter for tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelavhengige og skadeleg bruk av rusmidlar

Kommentarar:

Styret i Helse Vest vedtok regional plan for tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelmisbruk sommaren 2006. I planen er det peika på eit mangefullt kunnskapsgrunnlag og behovet for å stimulere til auka forsking, kunnskap og kompetanseutvikling innan feltet. Utviklinga skal skje på eit tverrfagleg grunnlag for å oppfylle intensjonen om eit meir heilskafeleg tilbod.

Helse- og omsorgsdepartementet har i oppdragsdokument for 2007 bedt Helse Vest RHF prioritere oppbygginga av forskingskompetanse på forskingssvake fagområde, mellom anna tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelavhengige.

Det er på denne bakgrunn tatt initiativ overfor helseføretaka for å vurdere om det er grunnlag for å etablere eit regionalt kompetansesenter innan tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelmisbruk.

Ved søknadsfristen utløp 09.02.07, hadde Helse Vest RHF motteke søknad frå Helse Bergen HF og frå Helse Stavanger HF.

Vurderinga og konklusjonen byggjer på søknadene og fagfellevurderingane.

Søknaden frå både Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF oppfyller kriteria for regionale kompetansesenter i Helse Vest (jf. styresak 78/03).

Det blir tilrådd å opprette eit regionalt kompetansesenteret for tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelavhengige og skadeleg bruk av rusmidlar ved Helse Stavanger HF. Helse Stavanger HF er klar til oppstart 1. april 2007.

Samarbeidsorganet mellom Helse Vest RHF, HFa og Universiteta i Bergen og Stavanger har initiert eit forskingsstrategisk program for rusfeltet/tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Det er ein føresetnad at det nye regionale kompetansesenteret også byggjer på dette forskingsprogrammet.

Det nye kompetansesenteret vil få eit særskilt ansvar for å inkludere dei private institusjonane i nettverket som skal etablerast.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Vest RHF vedtar å etablere eit regionalt kompetansesenter for tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelavhengige og skadeleg bruk av rusmidlar ved Helse Stavanger HF.
2. Kompetansesenteret skal i sitt forskingsarbeid og legge til grunn forskingsprogrammet for tverrfagleg spesialisert rusbehandling som er utarbeid av Samarbeidsorganet.
3. Styret i Helse Vest RHF føreset at styret i Helse Stavanger HF forpliktar seg til å satse på og prioritere det regionale kompetansesenteret.

4. Kompetansesenteret skal evaluerast i 2010-2011 saman med dei andre regionale kompetansesentra.

B 07/29 Eventuelt

Oppsummering frå styresamling 15. februar (Reidun Korsvoll)

Styret oppsummerte at det og bør vere ei samling til hausten med RHF-styret og HFstyret. Innhold og form på samlinga 15. februar vart diskutert. Styret ønskete ein å gå igjennom innhald, tema og form på neste samling i forkant av samlinga.

Oppsummering frå møte i kontrollkomiteen 14. februar (Svein Andersen)

Svein Andersen refererte frå møte i kontrollkomiteen 14. februar. Protokoll frå møtet vil bli sendt med sakene til styremøte 11. april. Revidert plan for internrevisjonen vil og bli lagt fram på neste styremøte.

Oppfølging av sak 019/07 – Eventuelt – Nevrokirurgi (Svein Andersen)

Handtering av saka i styremøte, mediesituasjonen og oppfølgingsprosessen etter styremøte 14. februar vart gjennomgått og diskutert.

Notat frå Administrerande direktør, dagsett 6. mars 2007 – "Styremøte i Helse Vest RHF: Kommentarar til sak 19/07 evt", vart delt ut og gjennomgått i møte.

Styret gav tilbakemelding på at dei ikkje ønskja "nevrokirurgi" som fast sak på kvart styremøte. Styret la vekt på at ansvaret for oppfølging av samarbeidsavtalen er plassert i føretaksmøta med Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF 1. desember 2006. Styret forventar at helseføretaka følgjer opp dette ansvaret, og melder avvik om dei ikkje får til samarbeidet. HFa har moglegheit for å gjere tilpassingar innafor avtalen viss dei er samde om det.

Avvik er pr. 7. mars ikkje meldt frå nokon dei berørte av HF-styra.

I St. prop. 44 er det sett av 100 millionar kroner til lokalsjukehus og rus – Korleis blir dette følt opp i helseføretaka? (Reidun Korsvoll)

Administrasjonen orienterte om at det ikkje er fatta endeleg vedtak i Stortinget om dette, og at vi avventar kriterium for tildeling og bruk av midlane.

Styret var opptatt av at Helse Vest har omfattande aktivitetar på begge desse områda, og bør vere i posisjon til å få tildelt midlar og levere gode bidrag innan desse områda.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

Brev frå Hordaland fylkeskommune, dagsett 13.02.07 "Vestlandsregionen eller Hordaland fylke – Invitasjon til høyringskonferanse fredag 23. mars"

Brev frå Helse Vest RHF til Helse Bergen HF og
Helse Stavanger HF, dagsett 16.02.07 "Oppfølging av samarbeidsavtalen om nevrokirurgi mellom
Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF"

Brev frå Helse Stavanger HF til Helse Vest RHF, dagsett 16.02.07 "Bemannning nevrokirurgi Stavanger"

Brev frå HOD til Landsforeningen for trafikkskadde, dagsett 16.02.07 "Vedrørende videreføring av Hjernenett"

Brev frå Helse Førde HF til Helse Vest RHF, dagsett 19.02.07 "Sal av tomter ved Nordfjord sjukehus. Oversending av endeleg handsaming i Føretaksmøte i Helse Førde HF"

Brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Bergen kommune,
dagsett 13.02.07 "Tilsynssak Bergen kommune – mottak av utskrivingsklare pasientar frå psykiatriske døgnavdelingar"

Brev frå Landsforeningen for Hjerte- og lungepsyke til Helse Vest RHF, dagsett 16.02.07
"Vedr.: Fordeling av midler til helseforetakene"

Brev frå HOD til Advokatfirmaet Hjort, dagsett 22.02.07 "Vedrørende fritt sykehusvalg og gjestepasientoppgjør for laboratorie- og røntgentjenester"

Brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Helse Vest RHF, dagsett 16.02.07 "Endeleg rapport – tilsyn med Ryfylke DPS Randaberg"

Val07 - val av styremedlemmer i helseføretaka dei to neste åra

Ref. Torunn Nilsen
Stavanger, 7. mars 2007

Oddvard Nilsen
Styrelseiar

Kari Oftedal Lima
Nestleiar

Svein Andersen

Reidun Korsvoll

Gisle Handeland

Ellen Solheim

Magnar Lussand

Gunnvor A. Sunde

Aslaug Husa

Inger F. Hamborg

Helge Espelid